

KRINSTING NBF SOGN OG FJORDANE

Skei
Søndag 13. april 2008

Sak 1: Godkjenning av representantane sine fullmakter

Tilstades frå klubbane:

Førde	2 rep
Stryn	1 rep
Leikanger	2 rep
Florø	2 rep
Måløy	1 rep (Frå sak 5)

Krinstyret: Sjur Bøe, Kai Lille-Homb, Åsbjørn Hegrenes, Helge Sæterdal

Vedtak: Fullmaktene samrøystes godkjende

Sak 2: Val av ordstyrar og skrivar

Framlegg:

Ordstyrar: Kai Lille-Homb

Skrivar: Helge Sæterdal

Vedtak: Begge vart samrøystes valde

Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det vart stilt spørsmål om kva vedlegg som var sendt ut på førehand.

Vedtak: Samrøystes godkjend

Sak 4: Val av 2 representantar til å skrive under møteprotokoll

Framlegg:

Øystein Vasset og Ivar Apalseth

Vedtak: Begge vart samrøystes valde

Sak 5: Årsmelding

Årsmeldinga for 2006 og 2007 samrøystes godkjend med fylgjande tillegg:

Det skal stå: 31 klubbar **og lag.** Påskebridgen i Hafslo 2007 vart vunen av Reidar Johnsen og Sivert Bakk. Knut Skorpen m/makker vart nr 11 på opningsturneringa på NM veka 2007. i tillegg nokre justering av namn og plassering på andre turneringar i NM-veka.

Under turneringar som vart avlyste grunna dårleg påmelding skal stå Høyangerturneringa og Lærdalsturneringa.

Det vart arrangert singelturnering i Sogndal som erstatning for Lærdalsturneringa.

Som deltakar på rekruteringsseminar i Ullsteinvik 2006 skal også stå Gunn Angelskår, Torbjørn Pedersen, Leikanger og Oddbjørn Skeie og Nygård frå Florø

Vedtak: Samrøystes vedtak om ansvarsfritak for styret

Sak 6: Rekneskap

Vedtak:

Rekneskapen for 2006 og 2007 samrøystes godkjend. Samrøystes vedtak om ansvarsfritak for styret

Sak 7: Innkomne saker

Sak 7a: Kontingent til NBF Sogn og Fjordane.

Kontingenten har vore uendra i mange år. For m.a. å kunne finansiere ny dubleringsmaskiner for å auke servicen ved turneringane kom styret med fylgjande framlegg:

Kontingenten for seniormedlemmer vert auka til 100 kroner frå 2009 . Kontingenten for juniorar , inntil 25 år vert sett til kr. 0,-.

Vedtak. Samrøystes vedteke

Sak 7 b: Turneringsform KM-lag

Deltakinga på KM-lag har vore liten dei siste åra samanlikna med deltakinga frå NBF Sogn og Fjordane i Seriemeisterskapen. Krinstinget gjorde eit vedtak i 2004 om å arrangere turneringa med A,B og evt C pulje desom det vart nok lag. Deltakinga har vore så liten at dette vedtaket let seg ikkje gjennomføre. Styret sette difor saka på dagsorden for at krinstinget skulle få kome med innspel til korleis dette skal gjerast sjølv om vedtektene til krinsen gjev styret fullmakt til å fastsetje turneringsforma.

Det var kome innspel frå Sogndal om å sjå både på tidspunktet, turneringsform og spelestad. Tinget hadde ei grundig drøfting rundt desse innspela og det vart sett fram fylgjande framlegg til vedtak:

Styret vert pålagt å jobbe vidare med å sjå på turneringsforma for KM-lag ut frå dei synspunkta som kom fram på krinstinget. I det ligg også å sende ut ei rundspørjing til klubbane for å få inn synspunkt på tidspunkt og turneringsform.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke

Sak 8. Budsjet 2008 og 2009

Styret kom med framlegg til budsjett for 2008 og 2009 samla.

Vedtak:

Framlegg til budsjett vart samrøystes med fylgjande endring.

Post turneringsleiing vert auka frå 50.000,- til 60.000 kroner og underskotet vert auka til 10.500,-.

Sak 9: Val

Det skal ikkje veljast utval og nemnder. Desse skal peikast ut av krinstyret.

Valnemnda har vore samansett av Haldor Sunde , Ole Johnny Grøneng og Egil Hagen.

Framlegg frå valnemnda:

Leiar : Helge Sæterdal
Kasserar : Kai Lille-Homb
Sekretær : Gunn Magni Angelskår
Turneringsansvarleg : Åsbjørn Hegrenes
Organisatorisk ansvarleg : Torveig Botnen
Ungdomskont./Rekr.utv. : Geir Hoff

Vara til styret : Arnstein Menes
: Frode Holen

Revisor : Tor Henning Mardal

Valnemnd : Sjur Bøe
: Hege Kristiansen
: Audun Skogen

Vedtak: Alle vart samrøystes valde

Helge Sæterdal
- sekretær -

Øystein Vasset
(sign)

Ivar Apelseth
(sign)